


# Høyringssvar: «Analyse av grossistmarkedet for tilgang til faste aksessnett»

09 mai 2025



## Ei regulering av Tussa IKT tener ingen

Tussa IKT har med interesse lest Nkom sin oppdaterte «Analyse av grossistmarkedet for tilgang til faste aksessnett» av 24. mars 2025. **Vi er ikkje i tvil om at det finst berekraftig konkurranse i den norske breibandsmarknaden i dag**, og tykkjer det er positivt at Nkom har tatt viktige steg i å dele vurderinga vår av dette.

Vi opplever tøff konkurranse og aukande grad av parallelle dekning frå lokale, nasjonale og globale breibandstilbydarar kvar einaste dag. Det store fleirtalet av våre kundar kan velje mellom ein rad alternative teknologiar som Fast Trådlaust Breiband, satellitt-tilbod, kabel-TV-nett eller fibernettr frå Telenor og Eninvest.

Konkuransen skjerpar oss og vi har møtt denne gjennom lågare prisar enn nasjonale aktørar og høg utbygging. Utan Tussa IKT ville fibertilbodet på Søre Sunnmøre vore mykje lågare.

Sjølv med dette bakteppet er vi overraska over at Nkom fastheld sitt syn om at Tussa IKT kan karakteriserast som ein regional aktør (punkt 535). Tussa IKT har i fleire omganger framlagt detaljerte analyser for Nkom som viser at vi har dekning til betydeleg færre enn 20 000 husstandar, ei grense som Nkom sjølv har sett, og dermed bør sjåast på som ein lokal aktør.

Vi legg også merke til at Nkom i sin oppdaterte analyse drøftar det faktum at norske breibandsnett er inne i ein konsolideringsfase. Dette vil truleg føre til viktige endringar i industriell struktur på eiga hand, og norske myndigheter bør vere forsiktige med å regulere ein marknad i sterkt endring. Eit døme på dette er utviklinga i Stryn kommune, der tre fibernettr no konkurrerer om kundane. Det er feil og unaturleg at Stryn kommune skal inngå som ein del av region «Sørlige del av Sunnmøre» som er skildra i tidlegare høyringssvar og dialog med Nkom.

***Ei regulering av Tussa IKT bryt med grunnleggjande prinsipp om proporsjonalitet og minimumsregulering.*** Vi kan ikkje sjå at Nkom har vurdert våre gjentatte innspele om høge regulatoriske kostnadjar for små operatørar som Tussa IKT. Vi har dokumentert at ein SMP-regulering av Tussa IKT vil medføre ein ekstra kost på 20 kroner per kunde i månaden. Det er ikkje mogeleg for oss å sjå korleis nytta av ei regulering av Tussa IKT kan vere høgare enn denne kostnaden, og vi oppmodar Nkom til å rettferdiggjere dette. Ei regulering av Tussa IKT vil auke sjansen for konsolidering og svekke konkuransen på Søre Sunnmøre. Svenske PTS har nyleg konkludert med at ein slik konsolidering sannsynlegvis vil resultere i auka sluttbrukarprisar.

Det regulatoriske rammeverket som Nkom forvaltar er basert på Europeisk regulering. Vi oppmodar difor også Nkom til å ta innover seg dei klare endringane i retning av mindre regulering av små verksemder som no kjem i Europeisk regulering. Draghi-rapporten viser korleis Europa har kome på etterskot som følgje av ein altfor tung regulatorisk bør. GDPR-lovgivinga blir no endra for å gjere livet enklare for små verksemder. Og den nye «Gigabit Infrastructure Act» som truleg vil bli norsk lov, legg stor vekt på incentiver til investeringar og ivaretaking av operatørar som byggjer nett i grisgrendte strøk. Tussa IKT er eit godt døme på dette.



Basert på tidlegare dialog, høyringssvar og det ovanfor, forventar vi at Tussa IKT ikkje blir peikt ut som ein SMP tilbydar. Om det likevel blir gjort eit endeleg vedtak om at Tussa IKT får SMP, vil vi ta opp ein dialog med Nkom i høve frivillig opning av nettet.

Med venleg helsing

Ivar Driveklepp

Administrerande direktør, Tussa IKT AS

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*